

## Årsmøte i Sunnfjord KFU 14.oktober 2020 via Skype p.g.a. Koronapandemi

Leiar ønskte velkomen og tok av melding av kven som var til stades.

Desse møtte:

Bygstad skule: Ingen

Flatene skule: Ingen

Frøysland skule: Ivar Frøysland

Robert Frøysland

Førde Barneskule: Gunvor Beate Bjordal Solvik

Øyvind Johan Korsøen

Førde Ungdomskule: Jarle Øen

Arne Eikeland

Halbrend skule: Ingen

Holsen skule og barnehage: Ingen

Karstad skule og barnehage: Sølvi Catrin Berg Hestvik

Naustdal skule: Ingen

Sande skule: Trude Hansen Folkestad

Marit Solveig Nedrebø

Skei skule: Tone Støylen Holgersson

Reidun Heggheim Bakke

Slåtten skule: Roger Eide

Jeaneth Rosnes

Sunde skule: Espen Loe Haukedal

Vassenden skule: Jan Morten Dvergsdal

Elisabeth Tefre

Vevring skule og barnehage: Terje Sekse Horne

Viksdalen skule: Hildegunn Hoff Hana

Linda Sølvsberg Storøy

Kommunalsjef skule: Åge Stafsnes

## **Sak 07-20/21 Vedtekter i Sunnfjord KFU, revisjon og godkjenning**

Dei gamle vedtektene vart presentert ved høgtlesing. Nokre av punkta gav litt diskusjon.

### 2.1

Bør ein og ha med elevråd få vidaregåande skular i Sunnfjord kommune? Ein kom fram til at dette var noko ein ville lufte i utval for oppvekst. Det ville ha vore ein styrke for å få også med vgs, inni KFU. For å kunne arbeide for ein betre overgong mellom grunnskule og vidaregåande skule. Fremje det som gagnar våre born, sikre at 10.klassingar får eit godt tilbod vidare.

Utfordringa framover vil være at no er det større strukturar etter at det vart Vestland fylke. Ein må kanskje kjempe for tilbod. Difor vil engasjement være viktig.

Litt diskusjon rundt 2.2 Valordning.

Forslag om at representantar i leiar rollene bør velgast for 2 år, for å få kontinuitet. At ikkje alle i leiargruppa går av same året. Visst valperiode er for 2 år, kva med dei som kunn sit for eit år, pga. at oddetal i skulen. 7 år på barneskule og 3 år på ungdomsskulen.

### 5. Økonomi:

I dag har ikkje Sunnfjord KFU konto med midlar. Det kom fram at KFU burde ha hatt budsjett slik at ein kunne få til arrangement t.d. Temakveldar om mobbing. Barnevakten har t.d. webinar, men dei kostar.

Her vart ein einig at dette måtte ein sjå meir på.

Dette vart det nye statutta for Sunnfjord KFU:

## **VEDTEKTER Sunnfjord KFU (kommunale foreldreutval)**

### **1. FØREMÅL**

KFU skal vere eit samordnande og koordinerande organ for foreldreråda ved alle grunnskulane i Sunnfjord kommune og ha som føremål å:

- arbeide for å fremje eit godt samarbeid mellom foreldra, skulen, skuleadministrasjonen og politiske vedtaksorgan i Sunnfjord kommune
- vere eit høyringsorgan og eit rådgjevande organ på vegne av foreldra ved alle grunnskulane i kommunen
- drive informasjonsarbeid og idéskaping og hjelpe til med erfaringsutveksling og foreldresamarbeid mellom dei ulike grunnskulane i

kommunen

- leggje til rette for større foreldreengasjement for at kvar elev skal få best mogleg utbytte av skulegangen sin

## 2. ORGANISERING

### 2.1 Samansetninga av utvalet

KFU er samansett av FAU-leiarane, samt nestleiarane eller annan representant frå FAU-styret frå kvar grunnskule i Sunnfjord kommune, valt av arbeidsutvalet for foreldrerådet (FAU). Dei valde har møte- og informasjonsplikt i FAU. KFU jobbar for å inkludere dei to vidaregåande skulane i Sunnfjord kommune i samarbeidet i Sunnfjord KFU.

### 2.2 Valordning

**KFU vel leiar, nestleiar og sekretær ved kvart årsmøte.** Leiar, nestleiar og sekretær vert valde kvart år. For å sikre kontinuitet, fungerer desse tre representantane to år i verva, dersom mogleg.

## 3. MØTEORDNINGAR/SAKSGANG

### 3.1 Møte

KFU held møte når leiaren, (den som har det administrative ansvaret for skulesaker i kommunen), eller 2/3 av medlemmene krev det. Det blir sett opp ein møteplan for kvart halvår. KFU får innkalling til møta to veker på førehand. Den administrative leiaren for skulesaker i kommunen eller representant for dette organet, har møte- og talerett i KFU, men ikkje stemmerett. Med omsyn til saker som KFU vil ta opp, kan KFU invitere personar som ikkje er medlemmer, til å vere med på møtet med talerett. Det skal haldast årsmøte innan 1. november kvart år.

### 3.2 Voteringar

Saker som blir tekne opp og krev votering i KFU, blir vedtekne med simpelt fleirtal. Det er 1 stemme pr. skule. Ved likt antal stemmer, har leiar dobbeltstemme. KFU krev 2/3 oppmøte for å vere vedtaksdyktig.

### 3.3 Saksgang

KFU fører møtebok og sender fråsegner og referat frå møta til alle representantar i KFU, Kommunalsjef som har ansvar for skulesaker i kommunen, skuleadministrasjonen, grunnskulane og FAU ved skulane. Referata blir sendt til skuleadministrasjonen i kommunen for arkivering og publisering på internett.

### 3.4 Saker

KFU skal konsentrere verksemda si om større saker der det er naturleg eller ønskjeleg å stå fram samla på vegne av skulane/FAU-utvala.

KFU avgjer sjølve kva saker dette gjeld:

- etter eigne framlegg
- framlegg frå dei ulike FAU ved grunnskulane i kommunen
- framlegg frå skuleadministrasjonen ved grunnskulane i kommunen

Sakene bør gjelde alle skulane i kommunen eller grupper av dei, men i spesielle tilfelle kan ein òg handsame enkeltsaker som gjeld berre éin skule, men som har allmenn interesse.

## 4. REPRESENTASJON I HOVUDUTVAL FOR SKULE OG KULTUR

Så langt regelverket/reglane gir heimel for det, kan KFU møte med ein representant med talerett i utvalet som har ansvar for skulesaker i kommunen. Representanten er leiaren i KFU, nestleiar er vara.

## 5. ØKONOMI

KFU kan i samband med spesielle prosjekt/arbeidsoppgåver søkje om midlar utover skulebudsjettet.

## 6. ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Berre årsmøtet kan vedta endringar i vedtektene. Vedtak om vedtektsendring krev minst 2/3 fleirtal av dei registrerte stemmene.

## 7. OPPLØYSING

Å løyse opp organisasjonen krev 2/3 fleirtal av dei registrerte stemmene på årsmøtet. Dersom oppløysinga blir vedteken, skal eventuelle midlar til organisasjonen delast likt mellom alle FAU som er representerte i KFU.

### Kommunale foreldreutvalet

Vedteke i årsmøte 14.10.2020

### **Sak 08-20/21 Val av leiar, nestleiar og sekretær i Sunnfjord KFU for skuleåret 2020-2021**

Noverande leiar, nestleiar og sekretær stilte seg til disposisjon til å fortsette i verna, om årsmøtet ønskte det. Det kom ikkje inn andre forslag. 3 tok ordet og gav støttande erklæringar til dei sitjande i verva. Ingen andre kom med motsegn, på det som vart sagt.

Leiar takka for tilliten, enkelte oppheva muten, og aklamerte.

Leiar: Roger Eide, Slåtten skule. Nestleiar: Steinar Kleppe, Naustdal skule og Sekretær: Marit Solveig Nedrebø, Sande skule.

## Orientering frå kommunalsjef

- Fagfornyng og tiltak
  - Gjennomført samlingar for leiarar
  - Fokus på arbeidet med djupare læring og fleirfagligheit/tverrfagligheit
- Nasjonale prøvar gjennomført, orientering til KFU når resultatet er klart.
- Elevundersøkinga skal gjennomførast før 1. desember
- Ung data, stor nasjonal undersøking som skal gjennomførast. Godt grunnlag for tiltak på ulike nivå.
- Berbare datamaskiner ut til elevane
  - 5.-7. trinn i oktober, skal vere like rundt hjørne
  - Innkjøp av utstyr, støtte frå staten
  - 1.-4. trinn, nettbrett og berbare maskiner
  - Kompetanse slik at data ikkje berre blir ei lærebok med stikkontakt.
- Beredskapsplan Covid-19
  - Framleis få smitta i Sunnfjord
  - Alle skular kan gå opp til raudt nivå, ved smitteutbrot hindre nedstenging så langt som råd
- Sunnfjord kommune har økonomiske utfordringar på drift.
- Staten har utvida ordninga med maktgrense på 6% av inntekt til å gjeld 3.-4. trinn

Ein veit ikkje enno heilt korleis dei nye læreplanane kjem til å sjå ut. Det nye er at ein går i djupna på ting i stadenfor litt av alt.

Planen er å lære opp lærarar slik at pc/nettbrett ikkje berre vert ei digital lærebok, men noko meir.

KFU skal få vite det samla resultat av dei nasjonale prøvene.

Nettbrett og PC er på veg til elevane.

Det sit langt inne å stenge totalt ned ein heil skule/skular, som i vår, men alle skulane skal kunne gå opp på rødt nivå på EIN dagas varsel.

Det er ein stram økonomi i kommunen, og enkelte einingar har utfordringar, men det ligg an til at skulesektoren held sitt budsjett.

I statsbudsjettet er det signalisert styrking av skulehelsetenesta. Det er viktig med fokus på sårbare barn.

Det har vore ei makstak på 6 % av inntekt på betaling av SFO til born i 1.-2.klasse. No er det kome frå sentralt hald at det også skal gjelde frå 3.-4.klasse.

Ein arbeider med handbok for spesialundervisning, og at det vert felles rutiner for skulemiljøet.

Hallen på Halbrend skule er planlagt ferdigstilt i februar.

Førde barneskule er i ein prosess der ein ser på uteområdet, og det skal kartleggast kva behov det er bygningsmessig på skulen.

Sande skule er inne i ei utgreingsfase kva behov det er med tanke på bygningsmassen. Den er planlagt å være ferdig til jul. Der skal det snart være ein brakkerigg på plass, som vil avlaste problema med eigna rom på skulen.

Ein ser på ulike planar for skulane, og ulike samarbeidsløysingar for å sikre god overgang for elevar på ungdomsskule til vgs. Her det møter mellom rektorane på ungdomstrinna og vgs.

Fagfornyinga held fram. Sagt enkelt så er forandringa på:

- Nye overordna mål
- Elevinvolvering
- Opnare oppgåver
- Forske seg fram til kunnskap
- Tid og rom for læringsprosess
- Utvikle sin eigen kompetanse
- Dei 3 overordna måla for all læring: 1. Livsmestring  
2. Demokratiforståing  
3. Bærekraftig utvikling

Ein FAU representant stilt spørsmål om elevane var modne nok til dette ansvaret.

Den store saka er skulebruksplanen framover. Der skal foreldra involverast.

Spørsmål frå representant: «Kva med forkjøling? Dette kan jo gjelde både sårbare og flinke elevar. Visst mulig kan ein då følge undervisning heime via teams?»

Svar: Det er ikkje så enkelt pga reglane om personvern, jf. forskriftene. Ein har no tatt ned krava for luftsymptom.

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/skole-korona/>

Det vil og bli lagt ut på kommunen sine heimesider.

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/koronavirus-i-sunnfjord-kommune/koronainformasjon-skular-og-barnehagar/>

## **Sak 10-20/21 Sosiale media (Vidareført frå saknr 03-20/21, sak frå FAU-leiar ved Holsen skule og nestleiar KFU, i samråd med leiar KFU)**

I følge Aina Drage frå eit tidlegare møte i KFU, så er sosiale medier del i «alle» saker. Spørsmålet er korleis skal vi angripe det. Mykje er bra, men det er og stygge sider.

Representanter: «Ein kjem for seint inn. Viktig og gje dei den bagasjen dei treng med seg på sosiale media. Kva er lov? Kva er ikkje lov?»

«Inn å snakke med elever er viktig.»

«Mal som kan brukast på foreldremøter, om kva ein bør snakke i lag om.»

Stafsnes: «Politiet må også inn på bana.»

Ein må bort frå tenkinga at å forby ting vil løyse problema. Sosiale medier er kome for å bli. Ein må heller rigge barna til gode holdningar.

«På ein skule laga ungdomsskule elevane kurs til foreldra. Dette vart god læring for alle.

Samordning av lokale tiltak. Ein må skape forståing for kor alvorleg det kan være.

Alle grunnskular må ha fokus på tema, og det må løftast over til utval for skule og oppvekst.



Elevråd må og involverast.

## **Sak 11 – 20/21 Skulestruktur** Gjennomgong av Åge Stafnes

Det går ut på at ein skal sjå på den framtidige bruken av skulane om 10 og 20 år. Bygge ein struktur, som tek høgde for behova i framtida. Samanlikna med andre kommuner har Sunnfjord større utgifter enn andre kommunar ein kan samanlikne seg med. Ein får ein endra demografi framover. Mindre born og fleire eldre. Ein må difor ha meir midlar til eldreomsorga. Vi bruker ca. 28 millionar meir på skule enn kommunar vi kan samanlikne oss med. Men vi brukar og lite samanlikna med andre med same struktur. Derfor er det lite å hente med «ostehøvel» prinsippet. Derfor må vi lage ein bærekraftig struktur.

Vurderingkriteriar er:

- Elevantvikling
- Nærskuleprinsipp
- Faglege og sosiale behov
- Standarden på bygg
- Skyss og avstander
- Kostnader



Det er planlagt folkemøter der det vert ein gjennomgang av alternativane ein utgreier.

Det som vert lagt fram på møta er alternativa. Så skal ein ta med innspela, som kjem inn før ein kjem fram til ein konklusjon. Det er planlagt vedtak på kommunestyremøtet før jul. Sidan skulestruktur er ei forskrift, så må den ut på ei 3 månader lang høyringsrunde.

SU, FAU, Grendelag, ungdomsråd, alle som meiner noko skal få lov å uttale seg. Ein er klar over at dette er noko som skaper engasjement. Håp om ein god prosess.

Kom reaksjon frå Frøysland skule om at det ikkje var greitt at det ikkje vert strøyma frå folkemøte til Frøysland skule.



Andre reaksjonar:

Slik ein ser det er lagt opp, så er det to timar til disposisjon. Mykje av tida vil då tenkast å gå med til presentasjon, då vert det lite tid til debatt etterpå, kan det då kallast folkemøte? Det liknar meir på informasjonsmøte. Pga tida så risikerer ein at ein struper den opne prosessen.

Alle må bli lytta til.

Skal dette være rettferdig må alle skular som ikkje har folkemøter ha tilgong å få strøyming til den enkelte skule. Av smitte hensyn så er det ikkje lurt at mange bygder skal måtte møte t.d. i Førdehuset. Det vil og være og få plassar å konkurrere om. Ein må ha lik behandling av alle skular, om ein er liten eller stor.

All informasjon må bli lagt ut offentleg slik at alle har informasjon samstundes.

Å bruke kunn 2 månader på noko så viktig pga tidspress, skapar ikkje tillitt. Det er ikkje saka verdig.

Viktig at alle får kome med sine innspel. Ellers vert det splitt og hersk.

**Prosess**

**Folkemøte i samband med plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune**

**Gjennomgang av alternativa som blir vurdert**

22.10 Skei, Thon hotell Jølster. Folkemøte blir overført digitalt til Vassenden skule  
26.10 Naustdal skule, for Naustdal og Vevring krins  
27.10 Viksdalen, møte blir overført digitalt til Sande skule for Sande og Bygstad krins  
28.10 Førdehuset, møte blir streama til alle slik at alle som vil kan følgje folkemøte. I tillegg blir det digital overføring til Halbrend skule, Slåtten skule og Sunde skule.

Møtetidspunkt 19.00 – 21.00

På grunn av smittevern er det ei grense på 200 deltakarar. Vi oppmodar om at det t.d. kjem berre ein frå kvar hustand.  
Det er høve til å stille spørsmål og delta i debatten digitalt, frå dei skulane som har digital overføring

Sunnfjord kommune

## **Sak 12 – 20/21 Ymse, viktige innspel og status frå skulane**

På heimesida til Sunnfjord kommune ligg alle KFU-referata med direkte linkar.

Til slutt under ymse kom eit hjartesukk på dette med betaling av reiser med skulebuss etter SFO. På dette feltet vert det ikkje praktisert likt i kommunen. Alle elevar har fleksibel heimskyss, men det er ikkje likt i kommuen. Vi må få det likt, slik at det er praktisk gjennomførbart.

Svar frå Åge Stafsnes er at dette skal han ta opp med rette vedkommande.

Nytt forslag til møtedato vart sett til medio november.

### **Etterord: Kva skjedde etter årsmøtet?**

Møta vart kalla informasjonsmøte og ikkje folkemøte, og alle skulane fekk strøyming av informasjonsmøta.

Plan for informasjonsmøta om framtidig bruk av skulane:

<https://sunnfjord.kommune.no/aktuelt-fra-kommunen/informasjonsmote-om-framtidig-bruk-av-skulane-i-sunnfjord-kommune.14829.aspx>

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skule/skular-i-sunnfjord-kommune/froysland-skule/nytt-fra-froysland-skule/folkemote-om-ny-skulebruksplan-for-sunnfjord-kommune.14934.aspx>

Link til planen om framtidig bruk av skulane:

<https://sunnfjord.kommune.no/f/p1/i311a2e73-e7ac-4b06-86b6-9bdbbdd818a5/presentation-plan-for-framtidig-bruk-av-skulane.pdf>

Alle FAU har fått telefon av KFU-leiar med oppmoding å engasjere seg å kome fram med sine synspunkt. KFU kan ikkje ta stilling til for og imot dei ulike framlegga, det må kvar enkelt FAU ta seg av.

Referent Marit Solveig Nedrebø

